

Til Hordaland fylkeskommune  
v/kultursjef  
Anna Elisa Tryti  
Kultur og idrettsavdelinga  
5020 Bergen

Eidfjord 20.12.2013

### **Konsert «Folketonar i ventetid» v/Fylkesmusikar Reidun Horvei**

Den 8. desember 2013 var det Lægreid skule i Eidfjord kommune sin tur til å få vere med å delta på konserten «Folketonar i ventetid».

Etter mykje god og intensiv øving med Reidun Horvei i 5 veker, var elevar klare for konsert. Og konserten vart ein suksess! Med elevar, tilsette, musikarar og publikum var det ca 300 personar i Eidfjord samfunnshus som fekk med seg den flotte konserten. Me fekk mange gode tilbakemeldingar både frå elevar (dei saknar Reidun) og publikum. Men nokre av foreldra tykte det var i overkant dyrt å betale 200,- for å sjå konserten. Som skule forstår me innvendinga på pris. Det er viktig at billettpris er låg, sidan elevane er så involvert i konserten. Foreldre vil gjerne høyre konserten så det er viktig at «Folketonar i ventetid» får økonomisk stønad som gjer at ein kan ha låg billettpris enn kva det var denne gongen.

Med eit så stort arrangement er det viktig at mykje av forventningar og ansvarsfordelinga er gjennomgått tidleg i prosessen. Det er viktig at skulen så tidleg som råd får informasjon om kva praktiske konsekvensar dette får for skulen, slik at samarbeidet flyt godt.

Opplegget og konserten med Reidun Horvei har vore lærerikt for både elevar og lærarar. Eg håpar at så mange skular som mogeleg kan få ta del i denne opplevinga.

Med venleg helsing



Dagny Opedal  
Rektor  
Lægreid skule